



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
16.11.2015
Dykkar dato
09.11.2015

Vår referanse
2015/14595 421.3
Dykkar referanse
15/2010

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Radøy - Gnr 24 bnr 86 - Bø / Hordabøheimen – Uttale til dispensasjon til bruksendring asylmottak

Vi viser til brev dagsett 09.11.2015, dykkar ref. 15/2010. Saka gjeld søknad om bruksendring av tidlegare kommunal sjukeheim – Hordabøheimen – til privat asylmottak for einslege mindreårige flyktningar. Det er naudsynt med dispensasjon frå arealformål offentleg i reguleringsplanen for Nordbø.

Staten har eit akutt behov for raskt å få etablert fleire nye asylmottak. Justis- og beredskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet ved sine respektive statsrådar, har i eit felles brev av 22.10.2015 til kommunane understreka at det er viktig å få etablert eit tilstrekkeleg stort tal asylmottak her i landet så raskt som mogleg. Samfunnsinteressene i denne saka er store, og det er svært positivt at Radøy kommune set fokus på å etablere nytt asylmottak slik at flyktningane får ei mest mogleg verdig behandling under desse ekstraordinære forholda.

Fylkesmannen meiner at Radøy kommune respekterer dei humanitære forpliktingane Noreg har tatt på seg gjennom flyktningekonvensjonen i denne saka. Vi har ingen merknadar til at det vert gjeve dispensasjon, då det her er tunge samfunnsmessige omsyn som begrunnar dispensasjonane.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.